

## Styremøte i Vats grendelag, onsdag 17/10– 18

Stad: Heime hos Christine

Frammøtte: Monica, Tor Olav, Jone, Eirik, Per og Christine.

### Styret tok opp følgjande saker:

1. **Turstien langs Vatsvatnet:** Ingenting nytt. Satt på vent inntil vidare.
2. **Dårlege busstopp:** Det er kommet innspel om dårlege busstopp rundt om i Vats, både der det allereie er etabler og der det er mangel på gode plassar å henta og sleppe av born. Tor Olav sjekkar opp i dette, og sender evnt søknad vidare.
3. **Ungdomslaga:** Tor Olav kontaktar dei angående å halde årsmøtet.
4. **Trafikksikringsplan:** Eirik representerte grendelaget. Grendelaget ynskjer å halde fokus på:
  - Knapphuskrysset.
  - Gangsti frå Knapphus til Kårhus.
  - Gjennomkøyring forbudt over Eide.
  - Lys frå bedehuset til Aurdal.
5. **Parkeringsplass på sjukeheimen:** Ikkje fått svar frå kommunen. Jone har vore på befaring og sendt brev.
6. **Planlegging årsmøtet Vats grendelag:**
  - Satsar på at det blir i veke 48 på Vindafjordhallen kl 19.00. Monica snakkar med May Hilde.
  - Eirik, Jone, Per, Magne og Lill – Eva går ut. Liv, Wenche og Linda sitt i valnemnda. Christine kontaktar Liv.
  - Markerar 10 års jubileum med kake. Monica bestillar fra Tor`s.
  - Forslag til foredragsholderar:
    - o Jan Haslemo, presentasjon av drifta. Christine snakkar med han.
    - o Arne Gunnar Habbestad, presentasjon Vindafjord turlag. Tor Olav snakkar med han.
    - o Knapphus gruppen, presentasjon av drifta. Christine kontaktar dei.
  - Inkomne saker må sendast til Tor Olav seinast 1 veke før årsmøtet.
  - Val av nytt styre.
  - Framlegging av årsmelding og årsrekneskap.
  - Takkegave til foredragsholderar, kaffi, pappkoppar, tallerker, t – skjeier og twist (Monica).
  - Christine sender ut møteinnkalling seinast 2 veker før årsmøtet. Publiseres på Vindafjordhallen, sjukeheimen, coop, knapphus, joker, Grannar, facebook og Vatsnett.

**Neste styremøte i Vats grendelag blir tirsdag 13/11 - 18 kl 19.00 hos Tor Olav.**